



Giske kommune

2019-20

Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse – del 1 - hovudrapport



Til behandling i kommunestyret

25.09.19

09.09.19

INNHALD


1	INNLEIING.....	2
1.1	ROS-analyse, del 1 og 2	2
1.2	Krav til heilskapleg ROS-analyse	2
1.3	Analysemetode.....	3
1.4	Revisjon	3
2	RISIKOBILETE	4
2.1	Risikomatrise	4
2.2	Heilskapleg vurdering	5
2.2.1	Eksisterande og framtidige risiko- og sårbarheitsfaktorar i kommunen.....	5
2.2.2	Risiko og sårbarheit utanfor kommunen sitt geografiske område.....	5
2.2.3	Korleis ulike risiko- og sårbarheitsfaktorar kan påverke kvarandre.....	6
2.2.4	Særlege utfordringar knytt til kritiske samfunnsfunksjonar og kritisk infrastruktur.....	6
2.2.5	Kommunen si evne til å oppretthalde si verksemd når den vert utsett for ei uønska hending og evna til å oppta si verksemd etter at hending har skjedd.....	7
2.2.6	Behovet for befolkningsvarsling og evakuering	7
3.	TILRÅDING OM OPPFØLGING.....	8
3.1.	Hendingar i rød sektor – tiltak som bør gjerast	8
3.2	Hendingar i gul sektor – tiltak skal vurderast	11
3.3	Hendingar i grøn sektor – tiltak ikkje naudsynt.....	12
4	OPPFØLGING AV TILTAK - ANSVAR	13

1 INNLEIING

Giske kommune si heilskaplege Risiko- og Sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) 2019 er utarbeid med basis i ROS-analyse frå 2013-14, og med nye ROS- tema i 2016-17 (brann) og 2017 (tunnelstenging).

Den er supplert med nye tema i 2019 med bakgrunn i fylkesmannen si tilråding om å nytte ROS-CIM og systematikk som denne legg opp til. Oversikt over dei einssilde ROS-analysene som ligg til grunn for heilskapleg ROS, ligg under Vedlegg. Alle ROS-analyser ligg i det elektroniske beredskapsprogrammet DSB-CIM

Ei heilskapleg ROS-analyse tek utgangspunkt i ei uønskt, overgripande hending (eit scenario) for heile lokalsamfunnet. Denne hendinga har ein eller fleire årsaker og kan få konsekvensar for liv og helse, miljø, materiell, økonomi, omdømme osv., som vist nedanfor ("bow tie"-modellen).



ROS-analyse skal vurdere sannsynlegheit for at hendingar kan skje og konsekvensar som kan oppstå for liv, helse, miljø, materiell o.l.. Analyse gjer at ein kan identifisere og prioritere tiltak. Årsak eller konsekvens kan avgrensast med førebyggjande eller skadeavgrensande tiltak.

1.1 ROS-ANALYSE, DEL 1 OG 2

For å gjere analysa meir oversiktleg er den delt i

- del 1 - hovudrapport som samanfatar risikobiletet
- del 2 - datarapport med oppsummering og utdjuping av ROS-analyse for kvar hending i Giske kommune.

1.2 KRAV TIL HEILSKAPLEG ROS-ANALYSE

[Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og sivilforsvaret](#) (Sivilbeskyttelseslova) gjeld frå 1. januar 2010. Kommunens sin generelle beredskapsplikt går fram av §15.

Heimelsgrunnlag for kommunen sine ROS-analyser er å finne i lova §14:

«Kommunen plikter å kartlegge kva for uønska hendingar som kan inntreffe i kommunen, vurdere sannsyn for at desse hendelingane inntreffer og korleis dei i så fall kan påverke kommunen. Resultatet av dette arbeidet skal vurderes og samanstillast i ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse.

[Forskrifta](#) utdjuar og set minstekrav til kommunal beredskapsplikt. Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysa skal forankrast i kommunestyret.

1.3 ANALYSEMETODE

Risiko- og sårbarhetsanalyse definerar risiko som produktet av sannsynlegheit for at ei hending skal oppstå, multiplisert med konsekvensen som hendinga kan føre til.

Risiko vert utrekna innanfor ein skala som i Giske er sett til 1-5 med 5 som høgaste sannsyn / konsekvens og 1 som lågaste. Maksimal risiko vert soleis talfesta til verdi 25, og lågaste verdi til 1.

Inga tal er "absolutte" eller "objektive": Dei er resultat av vurderingar og skjønn og difor gjenstand for usikkerheit. **Der det er fleire hendingar innan eitt scenario, er det «worst case»-hending som vert oppført i ROS-matrisa.**

Prinsippkisse:



		Konsekvensgrad					
		Svært små (ufarleg)	Små (lav)	Middels (farleg)	Stor (høy)	Svært stor (Katastrofe)	
Sannsynlighetsgrad	Svært sannsynlig	5	10	15	20	25	5
	Meget sannsynlig	4	8	12	16	20	4
	Sannsynlig	3	6	9	12	15	3
	Mindre sannsynlig	2	4	6	8	10	2
	Lite sannsynlig	1	2	3	4	5	1
		A	B	C	D	E	

1.4 REVISJON

Lowerket styrer perioder for revisjon av planverket. Heilskapleg ROS-analyse skal reviderast kvart 2. år.

2 RISIKOBILETE

Dei fleste kommunar har spesielle utfordringar knytt til for eksempel geografi, befolkning eller infrastruktur. Giske kommune er, som andre kystkommunar, svært utsett for vêr og vind – og som difor også vert ei stadig utfordring for offentlege tenester. Ein fordel med eit slikt fokus på gjentatte hendingar kan likevel vere at ein over tid får beredskap og trening i å handle raskt og effektivt når noko skjer.

Ein må likevel ta høgd for at også uventa hendingar kan oppstå. Allereie Aristoteles hevda at «det er sannsynleg at noko usannsynleg vil skje». Vi har dei seinare åra bl.a. opplevd terrorhandling på Utøya og Regjeringskvartalet, skuleskytingar i andre land, atomulukke i Tsjernobyl og Japan, tsunami i Indonesia, askesky i 2010 og skredulukke i Ålesund. Planverket skal førebu kommunen på å handtere uventa hendingar, jamvel om dette «ikkje vil skje hos oss».

2.1 RISIKOMATRISSE

Følgjande type uønskte hendingar skal analyserast i heilskapleg ROS:

- Hendingar med potensielt store konsekvensar
- Hendingar som omfattar fleire sektorar/ansvarsområde som krev samordning
- Hendingar som går ut over kommunen sin kapasitet til handtering ved normale rutiner og redn.teneste
- Hendingar som skaper stor frykt/bekymring i befolkninga

ROS-analyse omfattar 12 tenkte hendingar i Giske som er analysert og vurdert, dels gjennom beredskapsleiinga supplert med fagpersonell, dels i samarbeid med einingar og eksterne partar frå beredskapsrådet:

1. Ekstremvêr – storm/orkan	8. Brot på tele-/ dataliner
2. Epidemi – storutbrot av smitte	9. Langvarig svikt i el-forsyning
3. Ulukke på flyplassen med EPS-behov	10. Langvarig tunnel-stenging
4. Skipsforlis utanfor Giske med EPS-behov	11. Svikt i vassforsyning
5. Miljøutslepp sjø	12. Terrorhandling på skule
6. Større vegulukke	
7. Brann - ROS	

Hendingane er sett inn i ei fargesett matrise som skil mellom oppfølging som skal gjerast (raud), skal vurderast (gul) og ikkje naudsynt oppfølging (grøn): Sjå ROS-matrise nedanfor.

		Konsekvens				
		Ufarleg (1)	Mindre farleg (2)	Farleg (3)	Alvorleg (4)	Svært alvorleg (5)
SANNSYN	Svært sannsynleg (5)			Skipsforlis m/EPS Miljøutslepp i sjø	Tunnelstenging	Storm/ orkan
	Høg sannsynlegheit (4)		Flypassulukke m/EPS	Epidemi Brot på tele- / dataliner	Større vegulukke Brann – ROS Svikt el-forsyning	
	Middels sannsynleg (3)					
	Mindre sannsynleg (2)				Terrorhandling på skule	Svikt i vass-forsyning
	Lite sannsynleg (1)					

ROS-analyse er i seg sjølv ingen plan, men gjev føringar for kva tiltak som bør gjerast ut i frå hendingar som kan oppstå: Planer for oppfølging av ROS skal leggjast inn kommunen sin planstrategi, ivaretaast i dei årlege budsjettprosessane, og i einingane sine eigne beredskaps- og tiltaksplaner.

2.2 HEILSKAPLEG VURDERING

Forskrift om kommunal beredskapsplikt sine minimumskrav til heilskapleg ROS-analyse er at den skal omfatte fleire faktorar – avsnittet følgjer forskrifta si inndeling:

2.2.1 EKSISTERANDE OG FRAMTIDIGE RISIKO- OG SÅRBARHEITSAKTORAR I KOMMUNEN

Med bakgrunn i aukande folketal og forventa klimatiske endringar til det verre, vert det viktig for kommunen bl.a. å planlegge for uvêr med å ha rutiner og beredskap for bl.a. å sikre busetnader og innbyggjarar sine sårbare transportsamband, kommunikasjonslinjer og kraftforsyning. Brot på slike grunnleggjande tenester vert stadig vanskelegare å handtere ettersom dei vert stadig meir innvevd i, og avhengige av, kvarandre. Det vil og ha verknad i kva grad den einskilde innbyggjar har ein grunnberedskap for å motstå uventa hendingar, jf. kampanjer for auka eigenberedskap.


2.2.2 RISIKO OG SÅRBARHEIT UTANFOR KOMMUNEN SITT GEOGRAFISKE OMRÅDE

Fleire hendingar kan skje utanfor kommunen sitt område som direkte kan påverke innbyggjarane sin kvardag, jfr. Tsjernobyl-ulukka som førte store mengder atomnedfall over Skandinavia i tida etterpå.

Sjukdomsepidemiar kan fraktast inn til landet og området med reisande, eller ulukker eller terrorhandlingar utanfor kommunen kan påverke kommunen gjennom innbyggjarar som vert direkte ramma. Det er difor viktig å oppretthalde og utvikle beredskapssamarbeidet på tvers av kommunegrensene.

2.2.3 KORLEIS ULIKE RISIKO- OG SÅRBARHEITSFAKTORAR KAN PÅVERKE KVARANDRE

Veileder for heilskapleg ROS viser eksempel på at storm kan utløyse ei kjede av uønskte hendingar som kvar for seg kan utløyse ei ny krise:



I mange tilfelle utløyser ei hending ein stad ei krise i ein annan sektor: Om t.d. straumen går kan dette påvirke omsorgstenestene sin bruk av elektrisk utstyr som er kritisk for oppretthald av livsfunksjonar hos enkeltpersonar. Ved straumbrot får bensinstasjonar ikkje nytte pumper, og dieselaggregat til sjukeheim kan gå tome.

Den kommunale planlegginga skal sikre at tiltak i ein sektor ikkje skapar utilsikta hendingar i andre sektorar, og samstundes planlegge for at kjederhendingar kan oppstå som må motverkast med heilskaplege tiltak.

ROS-analysene viser kva område som påverkar kvarandre som «Kontrollpunkter», eksempelvis «**ROS Langvarig svikt i el-forsyning**»:

Hendingar	Kontrollpunkter	Ivareta behov for husly og varme	Forsyning av energi	Forsyning av drivstoff	Tilgang til elektronisk kommunikasjon	Forsyning av vatn og avløpshandtering	Oppfølging av særleg sårbare grupper	Nødvendige helse- og omsorgstenester	Nød og redningsteneste	Kommuna si kriseleiling og krisehandtering	Behov for befolkningsvarsling	Behov for evakuering
Stengte tunnelsamband			x	x			x	x	x	x	x	
Svikt i oppvarming		x					x	x	x	x	x	x
svikt i vassforsyning						x	x	x	x	x	x	x
Utfall av tele-/ data-kommunikasjon					x		x	x	x	x	x	x

2.2.4 SÆRLEGE UTFORDRINGAR KNYTT TIL KRITISKE SAMFUNNSFUNKSJONAR OG KRITISK INFRASTRUKTUR

Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur er nærare omtalt i underlagsrapporten del 1 (pkt. 3.2 analyse av sårbarheit). Straum og drikkevatten er av dei mest sentrale funksjonane som eit moderne samfunn vanskeleg kan klare seg utan, i tillegg til transportnettet.

Giske kommune er vurdert å ha eit robust kraftforsyningsnett og datasamband med fastlandet, vassforsyninga har alternativ leveranse frå Ålesund om Alnes vassverk skulle falle ut, og vatn- og avløpsystemet har vore under oppgradering gjennom ei rekkje år for å sikre mot epidemiar. Fastlandssambandet er sårbart ved større bilulukker som kan sperre sambandet for mange reisande over lengre tid; det er difor viktig at transportegarar som Møre og Romsdal fylkeskommune og Vegvesenet har beredskap for å handtere ei mogleg hending raskt og effektivt.

2.2.5 KOMMUNEN SI EVNE TIL Å OPPRETTHALDE SI VERKSEMD NÅR DEN VERT UTSETT FOR EI UØNSKA HENDING OG EVNA TIL Å OPPTA SI VERKSEMD ETTER AT HENDING HAR SKJEDD.

Kommunen har etablert ein beredskapsorganisasjon og eit beredskapsplanverk for å oppretthalde verksemder og tenesteproduksjon ved uønska hendingar. Verksemdene i Giske har meldt inn sine vurderingar ved hendingar som påverkar kritiske funksjonar, og som er vist i avsnitt om sårbarheit i delrapport 1.

Ved hendingar som pågår over lengre tid, vil det vere behov for forsterkning av beredskapsorganisasjonen med rullering av personell evt. også med bistand frå andre kommunar. Det er viktig å øve planverket både med varslingsøvingar og med gjennomgang av moglege hendingar med dei aktuelle verksemder og personar som vert berørt.

2.2.6 BEHOVET FOR BEFOKNINGSVARSLING OG EVAKUERING

Giske kommune sin befolkningsvarsling omfattar bruk av nettbaserte media, telefonvarsling og bruk av lokalradio. Telefonvarsling skjer med melding via SMS og telefonmelding, men er adressebasert og når berre dei med fast adresse i eit definert geografisk område, ikkje tilfeldig besøkande eller tilsette i verksemder med hovudadresse annan stad.

Beredskapsleiinga, teknisk eining og omsorgssentrane har nødnett-terminalar og satellitt-telefonar tilgjengeleg for internt samband med nødetatane og eksternt. I tillegg har fleire i beredskapsorganisasjonen prioritert telefonsamband gjennom Telenor sitt mobilnett.

Kommunen er i ferd med å revidere evakueringsplan med Evakuerte- og Pårørandesentra (EPS) på kvar øy. Planen skal øvast med jamne mellomrom.

3. TILRÅDING OM OPPFØLGING

Rådmannen si tilråding om oppfølging følger ROS-analysene sine fargekoder. Tiltak er sett i samanheng med i kva grad kommunen evt. eksterne har formelt ansvar og estimert kostnadsnivå.

3.1. HENDINGAR I RØD SEKTOR – TILTAK SOM BØR GJERAST

Her er hendingar som vert vurdert til rød sektor. Grunnlaget for klassifiseringa framgår av underlagsrapporten – del 2. Fleire hendingar er også kommentert i pkt. [2.2 Heilskapleg vurdering](#).

3.1.1. STORM/ORKAN

Ekstremvêr vert meir vanleg med klimaendringar, men Giske kommune har som kystkommune alltid vore utsett for storm og orkan som set liv og helse i fare, og gjev store øydeleggingar på hus og eigedom.

Kommunen har eit planverk for evakuerte- og pårørande senter (EPS), i tillegg til at verksemder har eigne evakueringsplanar for brukarar og tilsette. Kommunale bygg må haldast ved like for å motstå ekstremvêr, og det er viktig å øve evakuering.

Nye tiltak	Innhald	Type	Ansvar
	Etablere akuttmedisin-beredskap	Skadeavgrensing	Kommuneoverlege
	Øve evakuering ihht. EPS-planverk	Førebygging	Einingsleiar teknisk
	Styrke vedlkehald-budsjett for komm. eigedom	Førebygging og skadeavgrensing	Einingsleiar eigedom

3.1.2 MILJØUTSLEPP SJØ

Skipsforlis eller ulukker til sjøs kan føre til store utslepp av oljelast eller drivstoff som vil påverke sårbare strandsonemiljø i Giske. Det er difor viktig å oppretthalde ein beredskap for slikt scenario gjennom t.d. IUA-avtalen med Sunnmørs-kommunane med system for koordinering av samarbeidstiltak på tvers av kommunegrensene.

Ingen bedrifter i Giske har vesentlege utslepp til sjø. Landbruket følgjer retningsliner for gjødselspreiing.

Nye tiltak	Innhald	Type	Ansvar
	Fornye IUA-avtale med Nye Ålesund	Førebygging og skadeavgrensing	Rådmannen (kommunedirektør)

3.1.3 STØRRE VEGULUKKE

Vegulukker med skadde eller døde vert handtert av nødetatane på staden. Beredskapsleiing og kriseteam vil bli involvert alt etter omfang og type ulukke, men kommunen har eit ansvar for å legge til rette trafikktryggings-tiltak ved kommunale vegar, bygg og eigedom - samt sikre kontakt med reisande der kommunen har eit ansvar for oppfølging av ramma ved eventuell ulukke.

Nye tiltak	Innhald	Type	Ansvar
	Trafikktryggingstiltak, oppfølging	Førebygging og skadeavgrensing	Einingsleiar teknisk
	Trafikktryggingssplan 2012, revisjon	Førebygging	Einingsleiar teknisk

3.1.4 BRANN – ROS

ROS-analyse legg vekt på å styrke brannberedskapen i Giske pga. aukande folketal og tettare busettingsområde. Med ny kommunestruktur vert det viktig å fornye avtalen med Ålesund brannvesen evt. etablere eget, sjølvstendig brannvesen. Dette er under vurdering hausten 2019.

Nye tiltak	Innhald	Type	Ansvar
	Innføre dreiande brannvakt	Førebygging	Einingsleiar teknisk
	Innkjøp av 10.000 l vannvogn i brannvesenet	Førebygging og skadeavgrensing	Einingsleiar teknisk
	Innføre bemanningsplan ihht. kommande bemanningsforskrift	Førebygging og skadeavgrensing	Einingsleiar teknisk
	Fornye avtale med Ålesund brannvesen	Førebygging og skadeavgrensing	Rådmann (kommunedirektør)

3.1.5 TUNNELSTENGING

Tunnellar er utsett for bilulukker som kan føre til langvarig stenging. Det krevst brannslukkingsutstyr på begge sider av Valderøytunnelen, og som no er under innkjøp. Statens Vegvesen har ansvar for tunnelsambanda i Giske. Rehabilitering av tunnelsambanda vart slutført i 2019 og stettar sikringsforskriftene. Fylkeskommunen er ruteeigar og ansvarleg for offentleg transport mellom Giske og Ålesund. Ved langvarig tunnelstenging må det setjast opp alternativ transport over fjorden.

Nye tiltak	Innhald	Type	Ansvar
	Innkjøp av 10.000 l vannvogn i brannvesenet 2020-21	Førebygging og skadeavgrensing	Einingsleiar teknisk
	Avtale om reserveferje- / båttransport i beredskap	Førebygging og skadeavgrensing	Ekstern vegeigar (Statens Vegvesen)
	Omdirigering av andre passasjerbåtar	Skadeavgrensing	Ekstern ruteeigar (M&R Fylke)
	Innføre dreiande brannvakt (alternativt ivaretakast i ny avtale med ÅBV)	Førebygging og skadeavgrensing	Einingsleiar teknisk

3.1.6 SVIKT I VASSFORSYNING

Med etablering av reserveløysing for alternativ vassforsyning frå Ålesund, og utskifting av rørnett seinare år, framstår Giske som robust m.o.t. vassforsyning og trygt vatten. Revisjon av hovudplan for vatn og avløp vert ferdigstilt ila. hausten 2019, og tiltak må følgast opp i hht. plan.

Nye tiltak	Innhald	Type	Ansvar
	Hovudplan for vatn og avløp, revisjon	Førebygging	Einingsleiar teknisk
	Hovudplan vatn/ avløp, sikringstiltak	Førebygging	Einingsleiar teknisk

3.1.8 SKIPSFORLIS MED EPS-BEHOV

Giske kommune ligg ved hovudleia inn til Ålesund hamn utsett til for skipsforlis. Hending innanfor kommunen sitt område gjer kommunen til eigar av tenester knytt til evakuering med Evakuerte- og pårørandesenter (EPS), og må difor førebu seg på mottak av større tal på personar til eget EPS.

Nye tiltak	Innhald	Type	Ansvar
	Revidere EPS-planverk	Førebygging	Kommunalsjefeiningsleiar teknisk
	Utvide bemanning for EPS	Førebygging	Kommunalsjefeiningsleiar teknisk
	Planlegge EPS-sentra på forskjell. omr.	Førebygging	Einingsleiar teknisk
	Øving av EPS-planverk	Førebygging	Einingsleiar teknisk
	Supplere beredskapsleiinga	Førebygging	Rådmannen (kommunedirektør)

3.1.10 SVIKT I EL-FORSYNING

ROS-analyse viser at Giske kommune siste åra har blitt robust med reserveløysingar i kraftforsyninga både gjennom tilførselsnettet til kommunen og internt i kommunen.

Om straumbrot likevel skulle oppstå, vil det påverke andre sektorar og føre til situasjonar som einingane bør vere førebudd på med rutiner og tiltak som aggregat mm.. Samfunnsstabiliteten vil vere påverka sterkt, og innbygarane bør vere budd med eigen beredskapstiltak.

Brot i kraftforsyninga vil stanse pumpestasjonar. Ved evt. samtidig branntilløp vert kommunen avhengig av mobil tankvogn i brannvesenet. Dette førebur kommunen no seg på og kjøper inn i samarbeid med brannvesenet i Ålesund.

Nye tiltak	Innhald	Type	Ansvar
	Avtale om tilgang på aggregat med leverandørar/ Sivilforsvar mm.	Førebygging og skadeavgrensing	Beredskaps-koordinator
	Ny tankbil v/brannvesen frå 2020-21	Skadeavgrensing	Einingsleiar teknisk

3.1.11 BROTT PÅ TELE-/ DATALINER

Telenor sitt telefonnett med koparleidningar er under avvikling seinast i 2022, og må internt til husstandar o.a. erstattast av fiber eller trådløst samband. Kommunen sitt tele- og datanett går i fiber gjennom Ålesunds-tunnelane. I tillegg er det mobil samband med omformarar på rådhuset og i regionen.

Nye tiltak	Innhald	Type	Ansvar
	Etablere trådløst samband Ålesund –Giske	Skadeavgrensing	Rådmann (kommunedirektør)
	Innkjøp av portable aggregat for husstandar med komm. brukarar	Skadeavgrensing	KommunalsjefEiningsleiar teknisk
	Gjennomgang av interne rutiner og varslings-prosedyrer i einingar ved brot på IT-samband	Førebygging	beredskapskoordinator

3.1.12 EPIDEMI – STORUTBROT AV SMITTE

Ein epidemi vil kunne «slå ut» både tilsette og innbyggjarar samtidig som behovet for kommunale helsetenester vil auke. Det vert difor ei utfordring å halde oppe tenestnivå og drift. Det vert viktig å fange opp varslingsignal og ha system for varsling og oppfølging av innbyggjarane sine helsebehov. Planverket må reviderast og omfatte ein driftsplan.

Nye tiltak	Innhald	Type	Ansvar
	Revisjon av smittevernplan	Førebygging	Kommuneoverlege
	Innbyggjardialog – digital kontakt v/nett m/ helse/ fastlege	Skadeavgrensing	Kommuneoverlege
	Rask varsling v/SMS-tlf. (UMS-varsling)	Skadeavgrensing	Beredskapskoordinator
	Obs-varsel til tilsette	Skadeavgrensing	Beredskapskoordinator

3.2 HENDINGAR I GUL SEKTOR – TILTAK SKAL VURDERAST

Her ligg hendingar som vert vurdert til gul sektor. Grunnlaget for klassifiseringa framgår av underlagsrapporten Del 2.

3.2.1 ULUKKE PÅ FLYPLASSEN MED EPS-BEHOV

Ved ulukke på Ålesund lufthamn Vigra vert hendinga handtert av nødetatane i lag med Avinor, og kriseteamet vil bli kopla inn. Det vert behov for EPS, og kommunen sine EPS-tenester.

Nye tiltak	Innhald	Type	Ansvar
	Automatisk CIM-varsling med Avinor	Skadeavgrensing	Beredskapskoordinator
	Auke grunnbemanning EPS	Skadeavgrensing	Einingsleiar teknisk
	Øving i etablering av EPS	Skadeavgrensing	Einingsleiar teknisk

3.2.2 TERRORHANDLING PÅ SKULE

Jamvel om terrorhandlingar på skular eller barnehagar osv. i Giske er «lite sannsynleg», er det likevel viktig å vere førebudd på ei hending som kan oppstå med planverk, rutiner, øving og evt. andre tiltak. Skulane har eget beredskapsverk der også terrorhandling er omtalt. Det er viktig at skulane gjennomgår ein eventuell situasjon og tilpassar rutiner og tiltak til eigen situasjon.

Nye tiltak	Innhald	Type	Ansvar
	Gjere kjent terrorprosedyre i skulane	Førebygging	Kommunalsjef oppvekst
	Etablere rutine for «stille varsling» av elevrom/ lærarar	førebygging	Kommunalsjef oppvekst
	Øve «stille varsling» i skulane	Førebygging og skadeavgrensing	Einingsleiar skule
	«Sakte»-øving med gjennomgang av situasjon	Førebygging og skadeavgrensing	Einingsleiar skule

3.3 HENDINGAR I GRØN SEKTOR – TILTAK IKKJE NAUDSYNT

Det er ikkje registrert scenario for hendingar i grøn sektor i heilskapleg ROS-analyse.

Dette tyder imidlertid ikkje at moglege enkelthendingar eller hendingar som konsekvens av større scenario med sektorovergripande konsekvensar ikkje skal vurderast opp i mot tiltak som kan vere aktuelle. Den enkelte sektor må difor vurdere verknader av større hendingar og scenario på eigen verksemd.

4 OPPFØLGING AV TILTAK - ANSVAR

Sektorane har ansvar for eigne ROS-analyser og beredskapsplaner. Oversikta i tabellen under viser rådmannen sitt framlegg til tiltak og kven som har hovudansvaret for gjennomføring.

Det skal utarbeidast kalkyler for tiltak som er merka budsjett, samt ein plan for gjennomføring.

«Intern» er tidsbruk internt utan at det er angitt kostnader knytt til aktiviteten. «Ekstern» er eksterne organ sitt ansvar.

Hending/ kode	Nye tiltak	Type	Ansvar	Kostnad
Storm/orkan	Etablere akuttmedisinberedskap	Skadeavgrensing	Kommuneoverlege	Intern
	Øve evakuering ihht. EPS-planverk	Førebygging	Einingsleiar teknisk	Intern
	Styrke vedlkehald-budsjett for komm. eigedom	Førebygging og skadeavgrensing	Einingsleiar eigedom	budsjett
Miljøutslepp sjø	Fornye IUA-avtale ved ny kommunestruktur	Førebygging og skadeavgrensing	Rådmann (kommunedirektør)	budsjett
Større vegulukke	Trafikktryggingstiltak, oppfølging	Førebygging og skadeavgrensing	Einingsleiar teknisk	budsjett
	Trafikktryggingssplan 2012, revisjon	Førebygging	Einingsleiar teknisk	intern
Brann-ROS	Innføre dreiarde brannvakt	Førebygging	Einingsleiar teknisk	budsjett
	Innkjøp av 10.000 l vannvogn i brannvesenet	Førebygging og skadeavgrensing	Einingsleiar teknisk	budsjett
	Innføre bemanningsplan ihht. kommande bemanningsforskrift	Førebygging og skadeavgrensing	Einingsleiar teknisk	budsjett
	Fornye avtale med Ålesund brannvesen	Førebygging og skadeavgrensing	Rådmann (kommunedirektør)	budsjett
Langvarig tunnelstenging	Innkjøp av 10.000 l vannvogn i brannvesenet 2020-21	Førebygging og skadeavgrensing	Einingsleiar teknisk	Sjå over
	Reserveferje- / båttransport i beredskap	Førebygging og skadeavgrensing	Ekstern vegeigar (Statens Vegvesen)	ekstern
	Omdirigering av andre passasjerbåtar	Skadeavgrensing	Ekstern ruteeigar (M&R Fylke)	ekstern
	Innføre dreiarde brannvakt	Førebygging og skadeavgrensing	Einingsleiar teknisk	Sjå over
Svikt i vassforsyning	Hovudplan for vatn og avløp, revisjon	Førebygging	Einingsleiar teknisk	intern
	Hovudplan vatn/ avløp, sikringstiltak	Førebygging	Einingsleiar teknisk	budsjett
Skipsforlis m EPS-behov	Revidere EPS-planverk	Førebygging	Kommunalsjef Pleie/ omsorg	intern
	Utvide bemanning for EPS	Førebygging	Kommunalsjef Pleie/ omsorg	intern
	Planlegge EPS-sentra på forskjell. omr.	Førebygging	Einingsleiar teknisk	intern

	Øving av EPS-planverk	Førebygging	Einingsleiar teknisk	intern
	Supplere beredskapsleiinga	Førebygging	Rådmannen (Kommunedirektør)	intern
Svikt i el-forsyning	Avtale om tilgang på aggregat med leverandørar/ Sivilforsvar mm.	Førebygging og skadeavgrensing	Bered.koordinator	intern
	Ny tankbil v/brannvesen frå 2020-21	Skadeavgrensing	Einingsleiar teknisk	Sjå over
Brot på tele-/ dataliner	Etablere trådløst samband Ålesund –Giske	Skadeavgrensing	Rådmannen (kommunedirektør)	40.000
	Innkjøp av portable aggregat for husstandar med komm. brukarar	Skadeavgrensing	Kommunalsjef pleie/ omsorg	budsjett
	Gjennomgang av interne rutiner og varslings-prosedyrer i einingar ved brot på IT-samband	Førebygging	Rådmann (Kommunedirektør)	intern
Epidemi, storutbrot smitte	Revisjon av smittevernplan	Førebygging	Kommuneoverlege	intern
	Innbyggardialog – digital kontakt v/nett m/ helse/ fastlege	Skadeavgrensing	Kommuneoverlege	intern
	Rask varsling v/SMS-tlf. (UMS-varsling)	Skadeavgrensing	Beredskapskoordinator	intern
	Obs-varsel til tilsette	Skadeavgrensing	Beredskapskoordinator	intern
Flyplass-ulukke m/ EPS-behov	Automatisk CIM-varsling med Avinor	Skadeavgrensing	Beredskapskoordinator	intern
	Auke grunnbemanning EPS	Skadeavgrensing	Einingsleiar teknisk	intern
	Øving i etablering av EPS	Skadeavgrensing	Einingsleiar teknisk	intern
Terrorhandling på skule	Gjere kjent terrorprosedyre i skulane	Førebygging	Kommunalsjef oppvekst	intern
	Etablere rutine for «stille varsling» av elevrom/ lærarar	førebygging	Kommunalsjef oppvekst	intern
	Øve «stille varsling» i skulane	Førebygging og skadeavgrensing	Rektor/ Einingsleiar skule	intern
	«Sakte»-øving med gjennomgang av situasjon	Førebygging og skadeavgrensing	Rektor/ Einingsleiar skule	intern